



Ikkje i Beinavikjo, men på Sandakaaien. Der levde USKEDAL så seint som i 1976, da dette biletet vart teke (se øverst til venstre på biletet)
(Foto: Ungdomslag-arkivet)

Diskusjonen om Uskedal eller Uskedalen held fram og her er Einar Gjertsen sitt innlegg:

Les med interesse Tormod Myklebust sitt innlegg om namnet på bygda vår skal vera Uskedal eller Uskedalen.

I noko gamal tid då me hadde to dampskipkaier her i bygda hugsar eg at det på buo nede på Beinavikjo stod eit gult skilt med HSD merke og namnet Uskedal.

I den tida var der og postkontor i buo der nede, før det flytta opp i kjellaren i huset til Fridtjof Sunde. Det ville synast merkjeleg dersom dampskipkaaien heitte Uskedal samstundes som posten den gongen i same huset nytta postadressa Uskedalen.

Er det nokon som veit omlag kva tid posten tok i bruk namnet Uskedalen som postadresse?

Dette er i alle fall ein interessant diskusjon.

Einar Gjertsen